



Harpefossen

Ljosurdegga

Store-Toren

Lisje-Toren

Klakken Knivsegga Felden

Frøskaret

Til Dalsdalen

Trollvasstinden  
Bytingstinden

Flyfoto av fjella vest for Bjørkedalen.

Langedalen

2.9

Langedalsbroe

Veg mot  
Haugen

Langedalssetra

aust for dalen. Ein **middels tung** tur som krev **3 t** til topps. Det er **4 km** opp frå **320-1210 m**.

Frå E39 på *Søre Bjørkedal* kan du køyre vegen mot *Haugen* ca 3 km, og parkere ved den flotte steinhellebrua, *Langedalsbroe*. Gå rett nord oppover skogen, sporadisk sti. Ta sikte på knausen med ein varde i horisonten. Du må passere eit parti med kjerr, og frå merkevarde er det tørt terreng over snaue rabbar vidare mot Store-Toren. Gå vest for ei kvit ur rett opp til fortoppen. Du finn eit luftig, men uproblematisk hakk på toppryggen like før høgste toppen.

### 2.7 Laurdalen - Lisje-Toren

Ein relativt kort og grei tur med både slakke og bratte parti til det vakraste fjellet i Volda. Dels laus ur opp vestryggen. Lite merking og utydelige stiar. **3-4 km**, høgdeskilnad frå **475-1164 m**, **middels tung**, **2 t** ein veg.

Frå enden av traktorvegen innom Laurdalsetra kan du følgje stien 500 m før du finn ein stad å krysse elva. Hald kurs i retning toppen til ca 800 m høgde, og drei mot vestsida av fjellet. Gå opp nordvestryggen til venstre for den svært lause ura i vestsida.

*Austegga* på Lisje-Toren er ei elegant og luftig utfordring. Ved utsett "torvklyving" kan du gå opp frå botnen nord for egga og aust på toppryggen i 900 m høgde. Egga gir meir **klyving** enn klatring. Nokre brukar tau forbi dei mest sugande partia høgt oppe.

Laurdalen

### 2.8 Laurdalen - Felden

Platået på toppen av *Felden* har vore brukt i ulike religiøse samanhengar, frå mulig ofring i tidlege tider til friluftsgudsteneste på 1990-talet. Toppen har også ei sikteskive med fjellnamn og eit stort kongesymbol frå 2. verdskrigen. Fjellet har ei stolt reisning sett frå *Lauvstad* og ytre delar av *Voldsfjorden*.

Ei **middels tung** rute på **4 km** og **2-3 timars** oppoverbakke frå **475-1272 m**. Det meste av stien er umerka, sesong juli - oktober.

Bilveg

Bratt setreveg

Bom

Mot Volda

E39

Hyfter

Søre Bjørkedal

Mot Eid

HS

### 2.9 Laurdalen - Bytingstinden

**Middels tung** rute til *Trollvasstinden* sin nære nabo. **330-1240 m**. **4 km**, **3 t** opp. Frå *Søre Bjørkedal* på bomveg til Laurdalen, ta av skogsvegen mot nord der vegen flatar ut. Køyr skogsvegen til enden og følg svake stiar langs fjellryggen mot *Storetuva*. Du kan sjå Lisje-Toren

### 2.6 Langedalen - Store-Toren

Nokre går frå nordfjordsida over *Ljøsureggja* til *Store-Toren*, andre smyg seg opp bratte bakkar sør for *Laurdalsetra*. Lettast er det frå *Langedalen*. Sporadisk finn du sti i Langedalen, men på grunn av krattskog tilrår vi å følgje fjellryggen

Køyr forbi Laurdalsetra heilt til enden av vegen. Utydeleg sti på nordsida av elva innover Laurdalen til *Frøskaret*. Følg austegga opp forbi det bratte partiet, og skrå mot toppen.

*Knivsegga* knyt saman *Felden* og *Klakken*, 1256 m. Ein bolt forenkler det brattaste opptaket mot *Klakken*. Med varsemnd kan du gå egga utan tau.

i ein perfekt og stram vinkel før du skrår inn i *Tuvedalen*. Frå botnen av *Tuvedalen* går du 1 km nord til kanten av fjellryggen mot Dalsdalen og følgjer egga rett nord til topps.

*Trollvasstinden* når du ved å gå skrått inn i vestsida av *Bytingstinden* til skaret, og på egg siste stykket til topps, sjå elles rute 2.3.